



Sjølvs om godvêret ikkje kom var 5. og 6. klasse ved Flatdal skule fornøgde med dagen. Dei fekk mellom anna sjå slåtteeengene på Blika i Svartdal.

På tur i gule enger

Skuleelevar frå Seljord og Hjartdal kommunar har i vår fått høve til å lære meir om kulturlandskapet i omgjevnaden sin. Måndag var 5. og 6. klasse ved Flatdal skule ut på tur for å sjå nærare på slåtteeenger og lauvingstre.

Audny Barstad
audny.barstad@vtb.no

Med økonomisk støtte frå Landbruks- og matdepartementet har kulturlandskapsenteret sett opp eit undervisningsopplegg med namnet «ut i mark og eng» for grunnskulen. Tilbodet om tema-programmet har gått ut til skular i Hjartdal og Seljord kommunar. Elevane som har vore med i år, kjem frå Hjartdal, Sauland, Tuddal og Flatdal skular.

Saman med undervisning om



Ingvill Marit Buen Garnås synest den beste delen av jobben er å formidle lærdom om kulturlandskap til skuleelevar.

kulturlandskapet på skulen, har elevane vore med ut på tur i typisk kulturlandskap som beitemark, slåtteeenger og lauvingslier.

Måndag var 5. og 6. klasse ved Flatdal skule på tur til lauvingslia på Myljom-To i Hjartdal og på slåtteeengene på Blika i Svartdal.

Beste delen av jobben

Dagleg leiar av Kulturlandskapsenteret i Telemark er Ingvill Marit Buen Garnås. Ho har stått for undervisninga på skulen, og var med skuleelevene på utflukt.

– Dette er den gjæveste delen av jobben, når eg får fortelje om kulturlandskapet til barn. Då får dei i same stund lære naturfag og samfunnsfag. Mykje av det som me i dag ser på som fri natur, er eigentleg skapt av menneske gjennom hundreår med gardsdrift. Barna er veldig engasjerte, og mange bur sjølv på gard, og då fortel dei gjerne om kva dei har sett heime. Me kjem til å utvide dette tilbodet til hausten, slik at me får fleire skular med, seier Ingvill Marit Buen Garnås.



Lauvingstre høyrer med til kulturlandskapet, og bør takast vare på.



Systermarihand er fylkesblomen til Telemark, og er totalfreda i Noreg. Blomen blømer for fullt i Svartdal i desse dagar.

Kulturlandskap

Svartdal

Eit dalføre som ligg i Seljord kommune. Grennda har eit særst verdifullt kulturlandskap med gamle slåtteeenger, gamle bygningar, og eit stort biologisk mangfald. Eit av døma på det er dei store førekomstane av orkideen søstermarihand, (*Dactylorhiza sambucina*). Det store biologiske mangfaldet fører til ein større variasjon i bestanden av insekt. Mellom anna er den freda Apollosommarfuglen, (*Parnassius appollo*), observera i Svartdal.

Kjelde: www.hjartdalsbygda.no

Kulturlandskapsenteret

Kulturlandskapsenterets verkeområde er samling og formidling av kunnskap om kulturlandskap. Senteret er lokalisert i Nordbygda i Hjartdal.

Kjelde: www.kulturlandskapsenteret.no